

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
082/22	Formannskapet	PS	01.09.2022
	Kommunestyret	PS	

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kim Andrè Vangberg		22/891

### Eldremelding - del av kommunedelplan for helse og omsorg

#### Framlegg til vedtak:

1. Revidering av eldremeldinga frå 2010 vil inngå som ein eigen del av kommunedelplan for helse og omsorg.
2. Kommunedelplan for helse og omsorg vil verta ei prioritert planoppgåve i 2022 og 2023.

#### Formannskapet - 082/22 - 01.09.2022

#### FS - behandling:

Konstituert kommunalsjef Kim Andrè Vangberg orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga. Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug la til at det er mange planar i arbeid, og viktig å samkjøra fleire planar.

Inger Lise Brekke (H) sa at det også gjer informasjonen lettare tilgjengeleg, for både politikarar og innbyggjarar. Må sjå ting i heilskap.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at det er fornuftig å sjå planane i samanheng.

Handsaming i formannskapet:

Samråystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

#### FS vedtak:

1. Revidering av eldremeldinga frå 2010 vil inngå som ein eigen del av kommunedelplan for helse og omsorg.
2. Kommunedelplan for helse og omsorg vil verta ei prioritert planoppgåve i 2022 og 2023.

#### Saksopplysninger:

##### Bakgrunn

Kommunestyret i Austrheim kommune godkjente den 12.11.2020 (i sak 099/20) planstrategi for Austrheim kommune 2020-2024. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova sin § 10-1.

Planstrategien til kommunen skal vera eit hjelpemiddel for kommunestyre til å avklare kva planoppgåver Austrheim kommune skal prioritera i valperioden.

I Austrheim kommune sin planstrategi for perioden 2020 til 2024 er eldremeldinga frå år 2010 ein av temaplanane som ein skal ha i kommunen. Austrheim kommune si eldremelding frå 2010 er ein plan som skulle gje eit statistisk oversyn over utviklinga av eldre i aldersgruppa 67+ i åra framover.

Eldremeldinga omhandlar tenester som ein hadde behov for den gong og behov for framover.

Eldremeldinga tek i tillegg for seg samhandling mellom helseføretaka og kommunane. Eldremeldinga er ikkje revidert sidan 2010, og er utdatert. Eldremeldinga skulle etter planen verta revidert i komande periode.

I planstrategien kjem det fram at kommunen for kommande periode skal ha ein kommunedelplan for helse- og omsorgstenester. Kommunedelplan for helse og omsorg er ein overordna plan for helse- og omsorgstenester i Austrheim kommune. Denne planen skal gje ein status på sentrale tenesteområde og tilrå framtidig retning i åra som kjem. Denne planen har ikkje vorte utarbeida tidlegare i Austrheim kommune.

Med bakgrunn at det skal utarbeidast ein overordna plan for helse- og omsorgstenestene vil eldremeldinga inngå som ein del av denne planen.

### **Vurdering**

Helse- og omsorgstenester nasjonalt, regionalt og lokalt har vore i stor utvikling over lengre tid. I 2018 kom det ny kvalitetsreform for eldre. Denne kvalitetsreforma vedtok kommunestyret i Austrheim kommune i 2021, sak 046/21. I 2022 kjem ny reform som handlar om å gjera det trygt for eldre å bu lengre heime. Begge reformene vil verta viktig i framtidig planlegging av helse- og omsorgstenester i Austrheim kommune.

Austrheim kommune som mange andre kommunar står ovanfor vesentlege utfordringar innan helse- og omsorgstenesta i åra som kjem. Utfordringane for Austrheim vil vera å rekruttera fagfolk, riktig kompetanse på riktig plass, mangel på institusjonsplass, tilrettelegging for at fleire kan bu heime lengre, bygge omsorgsbustader m.m. Det er viktig å raskt få på plass eit overordna planverk for å sikra berekraftige helse- og omsorgstenester i kommunen i notid og for framtida. Det er vurdert at planstrukturen til Austrheim kommune for helse- og omsorgssektoren er omfattande. Eldremeldinga vert vurdert som ein viktig plan, men kor innhaldet vil verte dekkja av ein kommunedelplan for helse og omsorg. Sentrale tema frå eldremeldinga vert ivaretaken i kommunedelplanen. Her vil ein sikre blant anna langsiktig og heilsakapleg planlegging, god bruk av kompetanse og fleksibel ressursbruk, arbeide for å yte riktige tenester på rett nivå og til rett tid i tråd med sentrale og lokale føringar

### **Konklusjon**

Revidering av eldremeldinga frå 2010 vil inngå som ein eigen del av kommunedelplan for helse og omsorg.

Kommunedelplan for helse og omsorg vil verta ei prioritert planoppgåve i 2022 og 2023.